



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE ONSDAG 17.11.21 KL.18:00 – 20:00 Stad: Møterom, personalinngang

Tilstade:

Anne Gunn O Slettheih (ped.personal), Leif Oscar Reiestad (ped.pers), Mette Erga Brunes (pers.), Aina Grude (FAU), Ola Sotnak(FAU), Einar Erga(pol.) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Forfall: Bastian Bøylestad, Johanne Harboe og (Elevrådsrepresentantar)

Forfall: John Henrik Utsola (FAU)

Sak 07/21-22 Godkjenning av referatet frå 30.09.21

Referatet vart godkjent utan marknad.

Sak 08/21-22 Konstituering av Driftsstyret og Skulemiljøutval

Det vart ikkje valt leiar på sist møte under sak 01/21-22.

Leiar Driftstyret og Skulemiljøutval 21-22: Ola Sotnakk, FAU

Sak 09/21-22 Høyring SFO-vedtekter

Høyringssvar SFO-vedtekter

Kleppe skule har behandla høyringssak om SFO-vedtektena i FAU og Driftsstyret.
FAU sender ikkje eige høyringssvar, men støtter høyringssvaret til Driftsstyret.

I møte 17.11.21 kl. 18.00 vart saka drøfta, saka er referert under:

Sak 09/21-22 Høyring SFO-vedtekter

Sjå vedlagt endringsforslag til vedtektena.

Driftsstyret hadde fleire spørsmål og merknadar kring høyringsforslaget.

Korleis sikre at ressursane kan brukast?

Foreldrebetaling: blir dette redusert?

Arbeidstida til føresette vil gjere at det blir lite fleksibelt tilbod dersom ein stenger kl. 16.00.

Saknar meir spesifikke tal på dette, kor mange er det snakk om som nyttar tilbodet mellom kl. 16.00-16.30?

Det siste 1 1/2 året har situasjonen vore annleis? Kan dette ha verka inn? Er det sannsynleg å tru at det vil vere større behov for tilbodet mellom kl. 16.00-16.30 etter pandemien er over? Kleppe skule ser ikkje at det er særleg endring på dette før og etter pandemien.



Kor mange barn skal til for at det er viktig nok å halde ope? Bør det vere eit minimumstal?

Det vil bli travlare å få gjort alle oppgåvene på kortare tidspunkt, det er ikkje sikkert at denne løysinga eigentleg vil gje meir tid til barna i det tidspunktet på dagen der dei treng det mest.

Det kan vere at det er ulikt i kommunen, at Kleppe som er ein stor sentrumsskule har andre behov enn andre skular.

Sårbare elevar kan ha nytte av tilbodet til 16.30.

Ei innskrenking av opningstida vil gje eit dårlegare tilbod til dei som treng det mest.

Avstemming i driftsstyret Kleppe skule:

1 blank stemme

9 stemmer mot høyringsforslaget

Konklusjon:

Driftsstyret ved Kleppe skule går imot høyringsforslaget om å redusere opningstida frå kl 16.30 til kl. 16.00.

Dei andre endringane i høyringsforslaget (som gjeld rammeplanen) har vi ingen kommentarar til, dei føreslår vi blir endra som høyringa ber om.

Sak 10/21-22 Skulemiljø

Saman om eit trygt og godt nærmiljø (Partnarskap mot mobbing). Plan for arbeidet. Ny komité må etablerast.

Komitè: Leiar FAU + ein til?, repr Elevrådsstyret, ATV, rektor

Andre skulemiljøsaker som skulemiljøutvalet vil ta tak i? Idemyldring.

Språkbruk: Elevrådet forteller at det har skjedd mykje endring, folk har tatt dette skikkeleg seriøst. Nå er det nesten ikkje noko banning.

Etter rektor sende ut info om språkbruk har det blitt mykje betre. Både mindre banning og mindre frekke eller ufine måtar å snakke på.

Saman om eit trygt og godt nærmiljø: Kva kan vi få til?

Invitere alle organisasjonar til presentasjon av alle fritidsaktivitetar, Vise seg fram. Bruke aula og kantine til dette.

Show med heile skulen.

Søppel-konkurranse. Miljøvernfookus.

Delta på fleire nasjonale aksjonar: f. Eks nyskjerrig-Per, samle inn batteri og gå- og sykleaksjonar.

Sak 11/21-22 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn&Unge

Elevrådet: Jobber med sak om å starte seinare på skulen. Ønsker starte kantine før jul, lenge å vente til etter jul. Elevrådsstyret har fleire andre saker og, betre stolar og lekser er på saklista.

FAU:

Arbeider med å søke om pengar for å ha litt å kunne bruke. Trafikkvakt.

Leksedebatt og bokmål/nynorsk-debatt.

Skulen/SFO:

Opning aula – kjekt med felles samling.

Jobbing med språkbruk – dette er ein del av fokus på felles reglar og fokus på korleis vi vil ha det (trygt og inkluderande læringsmiljø)

Juleførebuingar er igang.

Uteområdet – 7.klasseplassen, det går framover, vi gler oss til den er ferdig.

Hovudutval Barn & Unge:

Skulebruksplanen var hovudtema, tilstanden på dei ulike skulebygga. Ligger ganske godt ann i bygningsmassane.

Frå Ungdomsrådet: Engelsvoll ønsker også aula.

Tertiairrapport 2, ligg ganske godt ann.

Klepp kommune, 17.11.21

Sylvia Gjersdal

Rektor